



Miljøvenleg vask med eddik -effektivt mot sopp og skadelege bakteriar

Optima pH 4 universalvask er eit surt vaskemiddel som kan brukast overalt i heim og næring. Det har god vaskeeffekt og ingen negativ effekt på helse og miljø, og er «snilt» mot inventar og utstyr etc. **Optima pH 3,6 organiske syrer** er ei blanding av 4 organiske syrer med pH 3,6 som heller ikkje har skadeleg effekt på helse og miljø. Alle ingrediensane er godkjente til bruk i mat. Produktet passar derfor ekstra godt overalt der mat blir produsert, lagra og servert. Det er ikkje eit desinfeksjonsmiddel, men har god effekt på skadelege bakteriar og sopp. Det eignar seg derfor godt etter vask med universalvasken.

Effekt

Ingen problembakteriar toler eit miljø der pH er ca 4 over tid, og særleg ikkje i kombinasjon med dei 4 organiske syrene som finst i desse to produkta. Dei bakteriane som overlever denne metoden er av det gode slaget. Dette i motsetning til vask med alkaliske og pH nøytrale middel.

Det viktige er å halda eit vedvarande press mot den skadelege floraen. Viss ein gjennomfører dette prinsippet og elles tek omsyn til vanlege hygieniske prinsipp, vil risikoen for oppblomstring av problembakteriar (t.d. på hendene) bli sterkt reduserte.

Lukt

I begge produkta er det eddik/eddiksyre som er kjent for å fjerna ubehageleg lukt av alle slag.

Bruksområde for Optima pH4 universalvask

- oppvask og bløytlegging av fastbrende restar
- vask av utstyr, inventar, golv og vegger på kjøkkenet og der mat blir produsert og servert.
- smittereduksjon på dørhandtak
- avfallsbøtta, fjernar vond lukt
- vask av bad og toalett og innvendig husvask
- vask av kledning før maling, terrasse etc
- vindaugene blir ekstra blanke med dette middelet

Bruksområde for Optima pH3,6 organiske syrer

- etter vask av produksjonslokaler med universalvask
- svært godt egna på benker og skjærefjøl; også under arbeidet
- på stallebord i barnehagar
- som smittereduksjon på dørhandtak
- avfallsbøtta, fjernar vond lukt

Bruksmåte

Universalvasken kan brukast utblanda i bøtte og kum, men også utblanda i sprayflaske for reingjering på benker og bord. Spray og tørk etter med tørr klut eller tørkepapir.

Organiske syrer skal brukast utblanda på sprayflaske. Spray og tørk etter med tørr klut eller tørkepapir. Eller la det trekkja ned i overflata (skjærefjøla) og verka til neste gongs bruk.

Legg til rette for den gode bakteriefloraen i heile miljøet og unngå mange problem!